

Meland kommune  
Postboks 79

5906 Frekhaug

MELAND KOMMUNE Rådmannskontoret	
27 OKT 2009	
L.nr. <u>09/13602</u>	Saksh. <u>HET</u>
Ark. <u>234</u>	Kass. _____
Saksid. <u>07/1525-21</u>	

Knarvik 26.10.09

### **Uttale frå administrasjon til sak i kontrollutvalet**

Midtre Holsnøy grunneigarlag klagar på kontrollutvalet sitt vedtak i sak 24/09 i brev 28.09.09. Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i møte 23.10.09 i sak 34/09.

#### **Samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet vedtok å sende over saka til administrasjon og ber om å få ein uttale før ein tek saka opp til handsaming.*


Brevet frå Midtre Holsnøy grunneigarlag 28.09.09 er lagt ved.

Tidlegare har administrasjon i e-post 12.08.09 fått oversendt brev frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag 10.06.09 med vedlegg. Dette er besvart i e-post 26.08.09. Så var der nokon tilleggs spørsmål i e-post 26.08.09 som er besvart 27.08.09.

Sender over dette slik at administrasjon kan gi ein uttale til breva frå Midtre Holsnøy Grunneigarlag.

Kontrollutvalet sitt neste møte er fredag 11.12.09. **Ber om å få ein tilbakemelding innan fredag 27.11.09** slik at den kan sendast ut til kontrollutvalet før møte.

Med vennleg helsing



Bent Gunnar Naess  
Sekretariatsleiar

Kopi: Kontrollutvalet i Meland



# MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rossland - Tlf.: 45066764 - e-post: [bj-skin@online.no](mailto:bj-skin@online.no)  
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.moo.no>

## Meland kommune

Kontrollutvalet

Postboks 79

5906 Frekhaug

Dykkar ref.: B.G.Næss

Vår ref.: BJS

Dato. 28.09.2009

### **Klage på vedtak om å avvise sak i høve spørsmål om Meland kommune handlar i tråd med egne kommunestyrevedtak .**

Viser til vårt brev 10.06.09 der vi stiller spørsmål ved tilhøva rundt ein erklæring underteikna av Jens Bjordal på vegne av Meland kommune, samt Rådmann si haldning overfor det same.

I følgje svar den 04.09.09 har Kontrollutvalet vedteke å avvise saka fordi Meland kommune ikkje er part i klagen.

#### **Vi meiner:**

- **kontrollutvalet har misstyda innhaldet i vårt brev**
- **kontrollutvalet har behandla saka ut frå feile opplysningar og manglande svar frå kommunen**
- **det har kome fram nye moment som tilseier at saka må handsamast**

**Det kan sjå ut som om kontrollutvalet kan ha misstyda innhaldet i vårt brev.** Vår hensikt ved å belysa denne saka har ikkje vore kommunen si rolle i klagesaka, men den administrative handsaminga opp mot kommunestyrevedtak.

#### **Det er fleire innfallsvinklar til denne saka.**

- Bjordal si underskrift på erklæring er i strid med kommunestyrevedtak. Kan kommunen gje ei erklæring som står i strid med kommunestyrevedtak?
- Bjordal si underskrift er i strid med sakshandsamingsrutinar. Bjordal var ikkje kommunalsjef då han skreiv under. Var det gitt fullmakt? Vart dette sakshandsama? Fins erklæringa i arkivet? m.m.
- Bjordal si underskrift er i strid med klagesaka mot NVE, som også kommunen har gjeve uttale til, sjølv om Bjordal kjende godt til kommunen sitt syn. Dette motarbeidar klagesaka..
- Rådmannen og tilsette i administrasjonen si vurdering av saka.
- Underskrifta er ikkje trekt tilbake

**Kommunalsjef Anny Bastesen gav feile opplysning til kontrollutvalet.** I brev frå Bent Gunnar Næss 12. august 2009 til Anny Bastesen og Helge Thorsen ber kontrollutvalet om uttale i høve saka.

I svarbrev 26.08.09 hevdar Kommunalsjef Bastesen at Bjordal si underskrift på erklæring i januar 2009 er ein stadfesting på ein avtale frå 2005.

Dette er ikkje riktig. Avtalen i 2005 gav Salar Smolt løyve til arbeid på sine eigedommar, medan erklæringa som Bjordal har underteikna i 2009 er ein aksept for korleis arbeidet har blitt utført. **Kontrollutvalet har hatt uriktige opplysningar når dei har teke avgjer om å avvise saka.**

**Kommunen sin avtale i 2005 sa korleis arbeide skulle utførast.** Avtalen Bastesen viser til er underteikna av tidlegare Ordførar Solbjørg Å. Sandvik 31.05.05. Dette er ein avtale mellom kommunen og smoltanlegget, som gjev Salar Smolt løyve til å legge inntaksrør over kommunens eigedom 43/9 og utviding av elvebotn ved eigedom 43/35 og 43/45. Dette var ein aksept for arbeid som skulle utførast, og arbeidet skulle utførast:, i samsvar med teikningar frå Nordconsult, ..." (sjå vedlegg) Desse teikningane er i samsvar med tidlegare kommunestyrevedtak.

Som kjend utførte ikkje Salar Smolt arbeidet etter desse arbeidsteikningane, og braut dermed denne avtalen. Det er blant anna på bakgrunn av dette at kommunestyret i 2007 sende oppmoding til NVE om å få orden på tilhøva i elva i tråd med kommunestyrevedtak av 1999. (vedlegg 2 til tidlegare brev)

**Erklæringa som Bjordal har underteikna i 2009 er ei vurdering av korleis arbeidet er utført.** Teksten i denne erklæringa seier at "Eg/vi har ingen merknad til måten leidningen er nedlagt på .....", Her har Bjordal på vegne av kommunen gjeve aksept for slik røret ligg i dag. Påstanden om at erklæringa frå januar 2009 skal vere ein stadfesting på tidlegare avtale er altså ikkje riktig.

**Bjordal si underskrift er i strid med:**

- kommunestyrevedtaket av 1999, som ber om at røret ikkje skal vere synleg i elva
- kommunestyrevedtaket av 2007, som ber NVE syta for at røret vert lagt i tråd med vilkåra i konsesjon av 2001
- avtale underteikna av Ordførar Solbjørg Å. Sandvik i 2005, som set vilkår om at arbeidet skal utførast: ", i samsvar med teikningar frå Nordconsult"
- Kommunen v/Ordførar Nils Marton Aadland sitt brev til OED i 2009 der Meland kommunestyre sine vedtak av 1999 og 2007 vert presisert.

Olje- og energidepartementet (OED) har same syn på saka som kommunestyret i Meland.

**Rådmannen seier dette er ein heilt vanleg måte å jobbe på.**

Vi finn det underleg at Rådmann kan seie at det er heilt vanleg at kommunen som grunneigar kan ha eit syn og at dei folkevalde kan ha eit anna syn på same sak. (ref NH avis 16.09.09. og underteikna sin samtale med Rådmann) Det er viktig å greie ut om administrasjonen kan gå imot eigne kommunestyrevedtak slik dei har gjort her. Ein slik praksis vil setta kommunen i eit underleg lys. I dette tilfellet har det vore negativt for saka. Vi kan ikkje ha tillit til kommuneadministrasjonen på dersom dette er vanleg praksis.

**Kommunalsjef Bastesen hevdar at erklæringa ikkje har noko med konsesjonsvilkåra å gjere.** Dette finn vi underlig. Om kommunen er part i klagen er kanskje ikkje relevant for saka, men det ser ut som at dei sjølv har oppfatta seg som tilstrekkeleg part til å underteikne på denne erklæringa. Kommunen har dessutan vorte beden om å komme med uttale i høve Salar Smolt sin søknad og deler av denne uttalen har NVE teke med i konsesjonen. Når ein veit at kommunen eig fleire eigedommar som er direkte berørt av tiltaket så kan ikkje kommunen avskriva seg alt ansvar.

**Erklæringa har blitt prøvd som bevis mot grunneigarlaget i Salar sitt forsøk på å trekke grunneigarlaget si partsinteresse i tvil.** Erklæringa har blitt sendt til NVE og vidare til OED, med oppfordring om å avvise klagesaka. Det må vere Meland kommune sitt ansvar å tilbakekalle si underskrift frå denne erklæringa når den er i strid med eigne kommunestyrevedtak.

**Ordførar hadde ikkje kjennskap til erklæringa.**

Vi forstår av breva i saka at det er uvist om denne erklæringa i det heile finns i kommunen sitt arkiv eller om den har blitt behandla på nokon måte. Det er ting som tydar på at Bjordal, som ikkje ein gong var kommunalsjef når han skreiv under, har gjort denne vurderinga på eiga hand og utan å fortelja dette vidare. I brev av 26.08.09 stiller kontrollutvalet v/Bent Gunnar Næss fleire aktuelle spørsmål til Kommunalsjef Bastesen.

Blant anna:

- "Hadde Bjordal fullmakt til å underteikne for kommunen i den type henvendingar? "

- "Dersom eg har forstått det rett så er der ikkje noko inngåande brev som er registrert i saka når det gjaldt forespørselen om å underteikne. Kva er eventuelt grunnen til at det ikkje er registrert? "
- "Var der ikkje noko skriftleg henvending?"
- "Kva var bakgrunn for henvendinga?"
- "Er det riktig forstått at der ikkje er noko saksutgreiing/vurdering om kommunen kunne signere på erklæringa?"
- I erklæringa står det mellom anna "Jeg/vi har ingen merknader til måten ledningen er nedlagt på..." Kan ikkje det forstås som om kommunen nå har vurdert at konsesjonsvilkåra er oppfylt?

Vi forstår det slik at kommunen har latt være å svare på desse spørsmåla? Saman med brevet vi fekk frå Bastesen 19.05.09 og Bastesen sitt svar til kontrollutvalet 26.08.09, vitnar dette om ein merkeleg sakshandsaming, som vi ikkje kan slå oss til ro med.

**Vi forventar at kontrollutvalet no handsamar denne saka på bakgrunn av dette brevet og tidlegare brev av 10.06.09 med vedlegg.**

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit  
Leiar

Vedlegg Arbeidsteikningar

